


Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Radøy



Radøy kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004

Fylkesmannen i Hordaland  
**Miljøvern**avdelinga

MVA-rapport 11/2004



Kartlegging og verdisetting av

# Naturtyper i Radøy

Radøy kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004

MVA-rapport 11/2004

---

**Foto på framsida**, frå toppen (foto K. Isdal):

1) Naturbeitemark ved Morken, 2) purpurlyng og røsslyng, 3) blåklokker, 4) myrhatt, 5) viktig bekkedrag mellom Villanger og Mjøs.



<b>Ansvarlege institusjonar og finansiering</b> Radøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 11/2004	
<b>Tittel:</b> Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Radøy.	<b>ISBN:</b> 82-8060-036-1 <b>ISSN:</b> 0804-6387	
<b>Forfattar:</b> Kjersti Isdal og Olav Overvoll	<b>Tal sider:</b> 22 + vedlegg	
<b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b> Asbjørn Nagell Toft (skogbrukssjef og miljøvernleiar)	<b>Dato:</b> 15.12.2004	
<b>Samandrag:</b> Føremålet med dette prosjektet har vore å kartlegge og verdisette naturtypar som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet i Radøy kommune. Målet med ei slik kartlegging er først og fremst å skaffe ei oversikt over viktige naturområde, slik at ein kan ta omsyn til desse i arealforvaltinga. Informasjon er samla inn ved hjelp av litteratursøk, informasjon frå fagfolk, grunneigarar og lokalkjende i tillegg til feltarbeid. Metodikken følgjer DN handbok 13-1999: "Kartlegging av naturtyper og verdisetting av biologisk mangfold". 19 av naturtypane skildra i DN-handboka er registrerte i Radøy. Dei er fordelt på fem hovudnaturtypar. Det er registrert til saman 81 lokalitetar/objekt som er verdisett etter ein tredelt skala. 7 område er vurderte som svært viktige (A-område), 57 som viktige (B-område) og 17 som lokalt viktige (C-område). Den klart dominerande hovudnaturtypen i Radøy er kulturlandskap med 48 lokalitetar. Det er kartlagt flest naturbeitemarker (11), men kystlynghei med åtte lokalitetar dekkjer desiderst størst areal. Siste del av rapporten, vedlegget, inneheld kart med oversikt over den geografiske fordelinga av naturtypelokalitetane, og ein kort omtale av kvar enkelt lokalitet. Alle lokalitetane er avgrensa på kart og digitaliserte slik at kommunen og andre arealforvaltarar kan bruke informasjonen i digitale kartverktøy.		
<b>Referanse:</b> Isdal, K. & Overvoll, O. 2004. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Radøy. – Radøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 11/2004: 22 s + vedlegg.		
<b>Emneord:</b> Radøy kommune, biologi, botanikk, flora, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon		
Radøy kommune Krossvegen 8 5936 Manger Tlf: 56 34 90 00, Fax: 56 34 90 01 www.radoy.kommune.no		Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00 Fax:55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland



## FORORD

I ei tid då stadig nye naturområde blir utsette for inngrep av ulike slag, er det viktig å skaffe seg ei oversikt over område som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet. Sidan ein stor del av arealplanlegginga skjer på kommunalt nivå, er det naturleg at også ei kartlegging av det biologiske mangfaldet skjer på kommunalt plan. I 1992 gav Noreg si tilslutning til Rio-konvensjonen, ein internasjonal avtale der deltakarlanda forpliktar seg til å få oversikt over-, og ta vare på biologisk mangfald innan landegrensene sine. Nettopp den lokale forankringa i arbeidet med forvaltning av biologisk mangfald vart understreka i dette dokumentet.

Målet med denne kartlegginga av naturtypar i Radøy har vore å få inn ny kunnskap om dei botanisk viktigaste områda i kommunen (men naturtypane som er kartlagte er òg viktige leveområde for andre organismar som t.d. insekt og villt). Radøy kommune har òg gjennomført ei kartlegging av viktige villtområde. Dette arbeidet skal kunna hjelpa folk og forvaltning til å bruka areala på ein slik måte at ein best mogeleg tek omsyn til naturen rundt oss. Dersom kartlegginga i tillegg fører til auka kunnskap, interesse og respekt for naturen i Radøy har me kome langt. Me skal òg hausta og gleda oss over naturen sin produksjon, og det må vera eit mål at seinare generasjonar skal kunne ha same glede og nytte av naturen som oss sjølve.

Kulturlandskapet har ein framtrekande plass i Radøy. Mange av naturtypane i kommunen høyrer til nettopp i kulturlandskapet, og er avhengige av drift av jordbruksareala dersom dei ikkje skal forsvinna. Ei viktig utfordring for oss i Radøy blir difor å kombinere lønsam drift av jordbruksareala med omsynet til både kulturhistoriske, estetiske og biologiske verdiar.

Kartlegginga av naturtypar i Radøy kommune har vorte gjennomført med god hjelp frå grunneigarar og andre personar med innterese og kunnskap til naturen i kommunen. Det har vorte organisert møte der representantar frå ulike delar av kommunen har kome med opplysningar om sine område. Det har òg blitt gjennomført intervju av enkeltpersonar. Dei lokalkjende har bidratt med viktige opplysningar om naturen i Radøy, og Radøy kommune vil takka alle som har vore med på dette dugnadsarbeidet. Ein særleg takk vil me retta til Kjersti Isdal som har gjennomført eit godt felt- og rapportarbeid for kommunen i 2001. Me vil òg takka Olav Overvoll ved Fylkesmannen si miljøvernavdeling for hjelp til framstilling av rapporten i skriftleg utgåve.

Radøy kommune vonar at denne kartlegginga kjem til nytte i den kommunale arealplanlegginga. Dei avmerka naturområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam" plakat, der ein ønskjer at dei biologiske interessene skal bli tekne særskilt omsyn til. Det er òg eit ønskje at rapporten skal vere med å auke kunnskapen og interessa for det biologiske mangfaldet blant Radøy sine innbyggjarar.

Manger, 09.12.2004

Asbjørn Nagell Toft  
Skogbrukssjef og miljøvernleiar i Radøy





# INNHALD

<b>FORORD</b> .....	<b>5</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>7</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	9
BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD .....	9
KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD? .....	9
<b>2. FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD</b> .....	<b>11</b>
KVA SKAL KARTLEGGAST? .....	11
KARTFRAMSTILLING .....	11
BRUKARAR AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD .....	11
OPPDATERING OG REVISJON .....	11
<b>3. METODAR</b> .....	<b>12</b>
NATURTYPAR OG VERDISSETTING .....	12
LITT OM KARTLEGGINGA I RADØY .....	12
<b>4. NATURGRUNNLAGET I RADØY</b> .....	<b>13</b>
GEOGRAFI OG AREALBRUK .....	13
LANDSKAP .....	13
KLIMA .....	13
VEGETASJON .....	13
<b>5. KARTLAGTE NATURTYPAR I RADØY</b> .....	<b>14</b>
MYR (A) .....	14
RASMAR, BERG OG KANTKRATT (B) .....	14
FJELL (C) .....	15
KULTURLANDSKAP (D) .....	15
FERSKVATN/VÅTMARK (E) .....	17
SKOG (F) .....	18
KYST OG HAVSTRAND (G) .....	19
<b>6. RAUDLISTEARTAR</b> .....	<b>20</b>
GENERELT .....	20
RAUDLISTA PLANTAR OG SOPP I RADØY .....	20
<b>7. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?</b> .....	<b>21</b>
<b>8. LITTERATUR</b> .....	<b>22</b>
<b>9. VEDLEGG: KART OG FAKTAARK</b> .....	<b>23</b>



# 1. INNLEIING

## KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og det samspelet desse organismane er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og genar.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald i økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tar vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold, og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

## BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og utbreiinga til mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane held fram. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområda rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjør eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" uttrykt ei politisk målsetjing om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunens areal i løpet av år 2003. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei

handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetting av biologisk mangfald (DN-håndbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er tilfeldig og stort sett altfor dårleg. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktabel arealforvaltning i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional og nasjonal miljøstatistikk, og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt- og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønskje at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

## KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen eller Biodiversitetskonvensjonen (1993) er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen, og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske-/materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspellet organismane i mellom, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeiding av sjukdommar.

Kulturelle-/estetiske argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om vi ikkje lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar ein viktig trivselsfaktor for mange menneske. Er eit stort mangfald av dyr og planter kan vere ei kjelde til rike naturopplevingar også for dei som nyttar naturen til andre friluftaktivitetar.

Etiske argument: Mange meiner at alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.



*Natur i endring. Sjølv om så og seie heile Radøy er for eit kulturlandskap å rekne, har landskapet endra seg mykje sei siste 60 åra. Den mest påfallande endringa er at terrenget mange stader gror til med skog. Mykje av attgroinga skjer naturleg, som ei følgje av at lynghei og beitemark ikkje lenger er i bruk. Det har òg blitt planta mykje skog, mest gran og sitkagran. Men framleis er det mykje jordbruksareal i Radøy - meir enn nokon annan kommune i Hordaland, i forhold til det totale landarealet. Det småskala kulturlandskapet er framleis godt synleg, som på Nøttveit (nedst til venstre). Oppe på platået (til høgre) ligg ei av dei største grasdominerte naturbeitemarkene i kommunen (lok. 21). Foto: K. Isdal.*

## 2. FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetjing av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekost av raudlisteartar (DN-rapport 1999-3)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Lindås kommune har òg gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde, først og fremst gjennom intervju, men denne kartlegginga er enno ikkje samanstillt.

### KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd under kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale kartsystem, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvaltning har gitt

ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

### BRUKARAR AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reidskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller ein-skildpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

### OPPDATERING OG REVISJON

Denne kartlegginga av naturtypar er ikkje fullstendig og ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan heller aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg, ved klimaendringar og suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.



Like nordvest for Grindheim, ligg "Havet" (lok. 1), ei av dei største, intakte låglandsmyrane i Hordaland. Myra er relativt urørd, sjølv om ein mange stader finn spor etter torvtekt. Idag sprer skogen seg på myra, både naturleg og frå planteskog. Havet er ei fattigmyr, og vegetasjonen er difor ikkje spesielt artsrik. Foto: K. Isdal.

### 3. METODAR

#### NATURTYPAR OG VERDISSETTING

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). 50 av desse naturtypane finst også i Hordaland. Naturtypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriterie som er brukt ved utveljinga av kva naturtypar som skal kartleggast er:

Førekost av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er trua, ofte ved at habitat/leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsla beite- og slåttemarkar.

Særlig artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med potensialet i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel og viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er fossesprøytsoner, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterie som støtte under verdivurderinga.

#### Kriterie for verdissetting:

- Storleik
- Grad av tekniske inngrep
- Førekost av raudlisteartar
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utformingar

#### Skala for verdissetting:

- A: Svært viktig
- B: Viktig
- C: Lokal verdi

#### LITT OM KARTLEGGINGA I RADØY

Denne kartlegginga av naturtypar i Radøy kommune er utført i løpet av juni, juli og august 2001. Det vart satt av to månadsverk til arbeidet.

Områda som her er presenterte er utvalde på bakgrunn av tidlegare registreringar, opplysningar frå informantar, litteratur, flyfototolkingar og egne feltregistreringar.

## 4. NATURGRUNNLAGET I RADØY

### GEOGRAFI OG AREALBRUK

Radøy kommune ligg i ytre del av Nordhordland og er omgitt av fjordar og sund både i vest og aust (sjå framsida og Kart 1). Kommunen dekker ca. 111 km<sup>2</sup> og omfattar størstedelen av øya Radøy og 268 andre øyar, holmar og skjer vest for Lindåshalvøya.

Talet på innbyggjarar er omlag 4700. Busetnaden er spreidd, men er mest konsentrert rundt kommunesenteret Manger og dessutan Austmarka og Bøvågen. Jordbruksarealet utgjer omlag 24% av totalarealet, ingen andre kommunar i Hordaland har ein tilnærma like stor andel jordbruksareal. Over halvparten av jordbruksarealet er innmarksbeite, resten er for det meste graseng. Omlag 27% av totalarealet er produktiv skog (det meste kulturskog).

### LANDSKAP

Kystlinja i Radøy er låg og sterkt oppskoren, og øya er ikkje særleg høg. Store delar av øya høyrer til strandflata, men sjølve strandsona er smal. Høgdedraga når opp i omlag 200 m o.h. og kommunen sitt høgaste punkt er Morkenfjellet, 217 m o.h. Landskapet er sterkt prega av Bergensbogane. Strøkretinga går nordvest-søraust og danner langstrakte, låge ryggar, avløyst av langstrakte søkk med myrar og vatn. Dei langstrakte, markerte myr- og bekkedraga er eit svært spesielt landskapselement som enkelte stader er svært utprega. Dette er dei særmerkte "radene", som har gitt Radøy namn. Berggrunnen består av anortositt og mangeritt, som er harde bergartar.

### KLIMA

Radøy ligg i ei sone med sterkt kystpåverka klima, typisk for ytre delar av Vestlandet (Moen 1998). Det typiske kystklimaet er prega av milde vintrar og kjølege somrar. På Manger er gjennomsnittstemperaturen for kaldaste månad (februar) 1,5 °C, og for varmaste månad (juli og august) 14 °C. Årsmiddeltemperaturen er 7,2 °C. Som elles langs Vestlandskysten regnar det ganske mykje på Radøy. Årsnormalen på Manger er 1975 mm. Det regnar til vanleg minst i mai (91 mm) og mest i september (251 mm). Grunna det milde klimaet legg det seg sjeldan snø på Radøy, og når han først kjem vert han sjeldan liggande lenge.

### VEGETASJON

Nesten ein fjerdedel av arealet i Radøy er jordbruksareal i form av innmarksbeite og graseng. Reknar ein med restane av lynghei, som òg er eit kulturlandskap, vert andelen endå større.

Topografi og eigedomsstruktur gjer at ein har eit småskala landbruk på Radøy. Mindre slåtteeuger og beitemarker med steingardar, kantvegetasjon og lauvskogskratt er svært utbreidd.

Områda med lynghei på Radøy finn ein idag for det meste på nokre av øyane i vest som t.d. på Toska og Kvolmo. Denne vegetasjonstypen var tidlegare mykje meir utbreidd og har dekket det meste av kommunen. Idag er det meste av det tidlegare lyngheiarealet anten oppdyrka, tilplanta med barskog eller i ferd med å gro att naturleg fordi dei ikkje lenger vert beita og brent.

Det meste av skogen i Radøy er barskog, og det meste av barskogen er planta gran. Ein del stader er òg furuskogen planta. Det finst likevel nokre område der furuskogen truleg har kome opp av seg sjølv, og i nokre av desse områda kan ein kanskje finne tre som er opp mot 150 år gamle.

Lauvskogen på Radøy er dominert av bjørk, men særleg i sør og austvendte, lune lier finn ein innslag av varmekjær lauvskog. Vanlegast er hassel, ask og eik, men ein finn òg innslag av lind og alm.

Ved Kvalheim ligg eit av dei største, samanhengande låglandsmyrane som er att i Hordaland. Botanisk er nok myrområda på Radøy ganske artsfattige, og slik sett typiske for myrområda langs kysten.



*Ei av dei særmerkte, "radene" i landskapet som har gitt Radøy namn. Desse langstrakte myr, og bekkedraga går mange stader som "blodårer" gjennom område med tett planteskog. Foto: Kjersti Isdal.*

## 5. KARTLAGTE NATURTYPAR I RADØY

Det er registrert 24 naturtypar av dei som er skildra i DN-handbok 13. Dei er fordelte på fem av hovudtypane. 81 lokalitetar er kartlagte. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypane

går fram av Tabell 1. Vedlegget inneheld ei liste over lokalitetane (Tabell 3), kart over geografisk fordeling (Kart 2), og til slutt ein kort omtale av kvart enkelt lokalitet.

**Tabell 1.** Kartlagte naturtypar i Radøy fordelt på naturtype og verdi.

Hovedtype (tal lokalitetar)	Undertype	Kode	Verdi			Total*
			A	B	C	
Myr (3)	Intakt låglandsmyr	A01	1	2	-	3
Kulturlandskap (48)	Slåtteenger	D01	-	5	1	6
	Slåttemyr	D02	-	1	-	1
	Artsrike vegkantar	D03	-	1	2	3
	Naturbeitemark	D04	-	10	1	11
	Hagemark	D05	1	5	-	6
	Skogsbeite	D06	-	1	1	2
	Kystlynghei	D07	1	4	3	8
	Store gamle tre	D12	-	3	7	10
	Parklandskap	D13	-	1	-	1
Ferskvatn/våtmark (12)	Viktige bekkedrag	E06	1	6	-	7
	Rike kulturlandskapssjøar	E08	-	5	-	5
Skog (8)	Rik edellauvskog	F01	3	4	-	7
	Rikare sumpskog	F06	-	1	-	1
Havstrand/kyst (10)	Grunne straumar	G01	-	4	-	4
	Undervasseng	G02	-	-	1	1
	Strandeng og strandsump	G05	-	3	-	3
	Tangvollar	G06	-	1	-	1
	Brakkvasspollar	G08	-	-	1	1
<b>Totalt</b>			<b>7</b>	<b>57</b>	<b>17</b>	<b>81</b>

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike naturtypane og førekomsten av desse i Radøy. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturtypane viser ein til Fremstad (1997) og DN (1999).

### MYR (A)

Myr er økosystem med høg grunnvasstand, der nedbrytinga av dødt organisk materiale går så seint at det skjer ei opphoping av delvis omdanna materiale, torv. Det finst fleire måtar å klassifisere myr på; m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjon (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999). Myrar er viktige fordi mange artar er direkte knytt til naturtypen som veksestad eller leveområde. Myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege renseanlegg.

Myrane i Radøy er for det meste fattigmyrar som ofte ligg i ein mosaikk med lynghei i attgroing, eller i samband med vatn og tjørn i søkk i terrenget. Mange myrar er ganske små, og fleire er idag grøfta og oppdyrka. Radøy har likevel ein del ganske store myrområde att, som ikkje har vorte grøfta og oppdyrka, sjølv om ein i mange

av myrane finn spor etter torvtaking. Ved Kvalheim ligg ei av dei største, samanhengande låglandsmyrane som er att i Hordaland (lok. 1 – "Havet"). Tre store myrlokaltetar er kartfesta i Radøy (lok. 1-3).

Langstrakte, smale, markerte myrdrag i nordvest-søraustleg retning er eit karakteristisk trekk ved landskapet i Radøy. Sjølv om mange av desse myrane er relativt små, og heller ikkje særskilt rike biologisk sett, bør også desse myrane visast omsyn i arealplanlegginga. Ikkje minst er dei ein viktig del av vassdraga i kommunen. Dei mest karakteristiske av desse myrdraga er kartlagte saman med viktige bekkedrag under lok. 55-57.

### RASMARK, BERG OG KANTKRATT (B)

Naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen mellom skog og open mark, på bergknausar, på tørre, steinete bakkar, skrentar og strandberg (DN 1999). Naturtypen dekkjer typisk nokså små areal, men kan likevel vere veksestad for ei rekke interessante og sjeldne artar. Fleire forhold gjer at rasmarker ofte er nøkkelhabitat for dyr og



plantar: Sør- og austvendte rasmarker har ofte eit varmare lokalklima enn områda rundt, ekstrem topografi gjer ofte lokalitetane lysopne, rørsler i lausmassane og skredaktivitet opnar for konstant gode forhold for pionérsamfunn. Vanskeleg topografi gjer at skogkledde rasmarker ofte får stå i fred slik at skogen her får sjanse til å bli gammal.

Det er ikkje skilt ut eigne lokalitetar med rasmark, berg eller kantkratt i Radøy. Ein undertype som truleg førekjem i Radøy, men som det ikkje er gjort forsøk på å kartlegge, er nordvente kystberg. Slike område er ofte skuggerike og fuktige og kan vere veksestad for spesielle plantesamfunn. Karakteristiske artar er hinnebregne og ulike oseaniske lav og mosar. Nordvendte kystberg er ikkje omtala i DN-handbok 13, men lokalitetar med spesiell flora bør likevel kartleggast.

### FJELL (C)

Innanfor naturtypen fjell er det dei kalkrike områda som skal kartfestast. Topografi og berggrunn gjer at det ikkje finst lokalitetar under denne hovudtypen i Radøy.

### KULTURLANDSKAP (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket. Sjølv om dette også gjeld det meste av naturen omkring oss, brukar ein helst omgrepet på naturtypar i jordbrukslandskapet, der menneska har hatt, og har, ei avgjerande betydning for utforminga av vegetasjon og artsutval (DN 1999). Gjennom ulik bruk, både når det gjeld driftsformer og kontinuitet, har det blitt skapt mange ulike leveområde for plantar og dyr i jordbrukslandskapet. Områda som er plukka ut for denne kartlegginga er område med spesiell biologisk verdi, og som samstundes er i tilbakegang.


Naturareala i Radøy er sterkt kulturpåverka og ingen andre kommunar i Hordaland har ein like stor andel jordbruksmark i forhold til totalarealet. Naturleg nok er talet på registrerte naturtypar i kulturlandskapet i Radøy høgt. Omlag halvparten av dei registrerte lokalitetane høyrer til kulturlandskapet.

Idag er det meste av innmarksarealet på Radøy, som dei fleste andre stader, intensivt dreve og har liten verdi for det biologiske mangfaldet (Biologiske verdiar i moderne jordbruksområde er knytt til ugjødsle restareal som framleis blir slått eller beita, steingardar, treklynger, gamle tre og kantvegetasjon). Dei opne utmarksareala (lynghei og naturbeitemark) og restareal med gammal slåttemark gror mange stader til med skog, fordi dei ikkje lenger blir haldne i hevd ved slått og beiting.

Attgroinga er ein naturleg prosess som ein følgje av at areala ikkje lenger blir haldne i hevd, men mange artar som var vanlege i det gamle kulturlandskapet blir sjeldnare (t.d. er prestekrage berre registrert på *ei* av dei kartlagte slåtteengane – lok. 8 på Halland). Det er særleg på restar av gammaldags, ugjødsle slåttemark og i ugjødsle, grasdominert naturbeitemark ein finn høge biologiske verdiar (stort arts mangfald av karplantar og sopp).

### Slåtteenger (D01)

Slåtteenger er ein naturtype som nesten har forsvunne pga. driftsendringar, først og fremst ved kraftig gjødsling og endring i slåttetidspunkt. Ved auka næringstilførsel blir dei store, breiblada grasa favoriserte, og mange av urtene forsvinn. Før i tida var slåtteengene ofte artsrike areal som vart slått etter bløming/frøsetting. Det vart brukt lite eller inga gjødsel ut over det som vart tilført ved beitende dyr (slåtteenger vart ofte beita vår og haust). I dag finn ein restar av gamle slåtteenger på små, avgrensa areal der det er vanskeleg å kome til med moderne reidskap. I ulendt terreng har gamle slåtteenger ofte blitt til beite-land. Seks slåtteenger med opprinneleg preg er kartfesta i Radøy (lok. 4-9).



Denne slåttemarka ovanfor vegen ved Halland (lok. 8), var den einaste lokaliteten på Radøy der prestekrage vart registrert under denne kartlegginga! Foto: K. Isdal.



Artsrik vegkant ved Straume (lok. 11). Vegkantane kan enkelte stader fungere som såkalla refugier for gamle slåttemarksartar. Foto: K. Isdal.

### *Slåttemyr (D02)*

Myrer med slåttebetinga vegetasjon og preg, som tradisjonelt vart slått som ein del av förberginga. Lang kontinuitet med myrslått kan endre myrvegetasjonen på fleire måtar, m.a. ved å hindre tuedanning, auke mengda av gras og halvgras, redusere mengda av torvmosar og auke mengda av orkidear (DN 1999). Ein veit ikkje om slåttemyrer som framleis er i hevd på Radøy i dag, men det kan nok finnast fleire som framleis har ein tilstand som indikerer langvarig hevd. Ein lokalitet er kartfesta (lok. 10).

### *Artsrike vegkantar (D03)*

Vegkantar kan vise stort artsmangfald og blomsterprakt og inneheld ofte artar frå fleire vegetasjonstypar (DN 1999). Vegkantar kan fungere som erstatningsbiotop for artar som før var tilknytt slåtte- og beitemarker. Lokalitetar som er artsrike og med høgt innhald av slåttemarksartar bør kartleggast. Tre lokalitetar er kartfesta i Radøy (lok. 11-13).

### *Naturbeitemark (D04)*

Naturbeitemark er ikkje tresett beitemark i langvarig hevd som har vore lite eller ikkje gjødsla eller jordbearbeidd (DN 1999). Naturbeitemark med lang kontinuitet og god hevd er ein artsrik naturtype, som har blitt stadig sjeldnare. Naturtypen har ofte eit stort innslag av urter, men er likevel som regel meir grasdominert enn slåtteenger. Areal med indikasjon på langvarig hevd, utan bruk av gjødsel er viktige. Beitemarkssopp er, som namnet seier, ei gruppe som ofte finst i naturbeitemarker. Mange av desse er raudlista, m.a. fordi naturbeitemarkene er i kraftig tilbakegang. 11 lokalitetar, fleire av dei uvanleg store, er kartfesta i Radøy (lok. 14-24). Mange av lokalitetane er berre overfladisk undersøkte. Særleg interessant i desse områda vil vere ei registrering av beitemarkssopp.

### *Hagemark (D05)*

Denne naturtypen omfattar dei fleste tresette kulturmarksområde, som tresett beitemark og slåttemark, men ein ønskjer spesiell fokus på område med styvingstre (DN 1999). Styvingstre er ikkje så vanleg i Radøy, men seks lokalitetar med hagemark som truleg er relativt gamle, er kartfesta (lok. 25-30).

### *Skogsbeite (D06)*

Naturtypen omfattar skog som blir beita eller som framleis har sterkt beitepreg (DN 1999). Område med lang kontinuitet er særleg viktige, på slike lokalitetar kan det finnast sjeldne artar. To lokalitetar er kartfesta i Radøy (lok. 31-32), begge ligg som naturtype i grenseland mellom skogsbeite og hagemark.



Denne myra mellom Træsvatnet og Byrkjelandsvågen kan tidlegare ha vore ei slåttemyr (lok. 10). Slåttemyr er ein sjeldan naturtype, og i Hordaland er dette den einaste som er registrert gjennom kartlegginga av naturtypar, så langt. Foto: K. Isdal.



Hagemark med eik er ein sjeldan naturtype på Radøy. Denne hagemarka på Solend (lok. 30) vart tidlegare slått, men idag blir skogbotnen beita.



Det er framleis ein god del naturbeitemark i god hevd på Radøy, og særleg i dei litt høgareliggende områda dekkjer dei nokså store areal. Områda vil nok gro ganske raskt til dersom beitinga opphøyrer. Dette bildet er frå Ingholmen (lok. 15) mellom Marøy og Bønaset. Foto: K. Isdal.

### *Kystlynghei (D07)*

Kystlynghei er trelause heisamfunn langs kysten, oftast med røsslyng som dominerande planteart (DN 1999). Naturtypen finst gjerne i mosaikk med myr og grasmark. Lyngheiane er ein kultur-betinga naturtype og eit resultat av aktiv drift ved brenning, beiting av utegangarsau og stadvis slått, gjennom fleire tusen år. Naturtypen er sær-eigen for kystnære område med eit vintermildt klima, og er utbreidd frå Portugal i sør og til Lofoten i nord.

Store areal på Radøy har tidlegare vore lynghei. Mykje av dette arealet er no tilplanta med skog av gran og sitkagran. Mange stader elles har beite og skjøtsel av lyngheiane teke slutt, og einer, furu og bjørk er i ferd med å etablere seg. Radøy har likevel fleire store område med kystlynghei som er i god hevd. Ormåda ligg som eit belte i den nordvestlege delen av kommunen. Toska er truleg det mest verdifulle området både når det gjeld storleik og hevd. Åtte lokalitetar er kartfesta i Radøy (lok. 33-40), men også i dei fleste av desse områda ser ein klare teikn til attgroing mange stader.



På Uttoska finn ein ei av ei største, samanhengande lyngheiane i Hordaland, som framleis er i hevd. Som dei fleste andre slike område er landskapet ein mosaikk av lynghei og myr. I framgrunnen på bildet veks ei tett matte av einer og einstape og spreidd rogn - eit teikn på attgroing. Foto: K. Isdal.

### *Store gamle tre (D12)*

"Naturtypen" omfattar store, gamle, frittstående tre i kulturlandskapet (DN 1999). Store, gamle tre kan representere lang kontinuitet og er ofte levestad for sjeldne sopp, lav, mosar og insekt.

Det finst få verkeleg gamle tre i Radøy, men nokre store tunte kan ha ganske høg alder. Ti gamle tre er kartfesta (lok. 42-50 og 81), dei eldste har truleg ein alder på rundt 250 år. Dei vanlegaste tuntea er eik, bøk, ask og platanlønn.

Trea er ikkje undersøkte nærmare med tanke på flora, funga og fauna, og dette bør gjerast ved ei eventuell oppølgjande kartlegging. Særleg dei hule trea kan ha ein interessant insektfauna.

Berre ei gammal selje er (tilfeldig) kartlagt i dette prosjektet. Slike tre kan òg ofte ha ein rik flora og fauna. Seljene blir ikkje veldig gamle, og dei rekk oftast ikkje å bli særleg store før dei går over ende. Likevel kan desse trea vere vel så viktige som store og meir imponerande tunte av t.d. bøk, ask og lønn. Dei bør difor, dersom det er mogleg, få stå til dei veltar av seg sjølve, og hovudstammen kan gjerne få bli liggjande også.



Eit av dei største trea på Radøy er denne boka på Mjøs. Ein del soppar og insekt er knytte til gamle tre. Store tunte kan difor vere viktige for biologisk mangfald fordi dei ofte er dei einaste trea som har fått sjansen til å bli gamle. Den biologiske verdien stig ofte når trea byrjar å skrane, og særleg kan hule tre ha stor verdi. Foto: K. Isdal.

### *Parklandskap (D13)*

Naturtypen omfattar parkar kyrkjegardar og alle-ar med lang kontinuitet. Gamle parklandskap har ofte mange ulike element som saman dannar ein naturtype med mange kvalitetar for sjeldne og truga artar (DN 1999). I Radøy er det ein lokalitet som kan reknast til denne naturtypen: Prestegardsalleen på Manger (lok. 41). Kvalitetane her er stort sett dei same som for store, gamle tre.

### **FERSKVATN/VÅTMARK (E)**

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar og innsjøområde. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drevne jordbruksområde er ferskvass-lokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Ferskvasslokalitetar har i stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugs-mål er m.a. drenering, attfylling, bekkelukking og bekkutretting og forureining.

Alle innsjøar, elvar og bekkar er leveområde for ei rekkje plantar og dyr og bør takast omsyn til i arealplanlegginga. Opplagt viktige lokalitetar er gytebekkar for sjøaure og bekkedrag med særleg rik kantvegetasjon. Naturleg fisketomme innsjøar og tjørn er ein eigen naturtype (E10), som ikkje er nærmare kartlagt i Radøy i denne omgang. Fråver av fisk er viktig for enkelte vasslevande insekt og amfibiar.

Radøy har mange langstrakte vatn og bekkedrag i dalsøkka i nordvest-søraustleg retning.

#### Viktige bekkedrag (E06)

Naturtypen omfattar t.d. små vassdrag med kantvegetasjon i einsarta kulturlandskap og fattige skogsområde. Nokre av bekkedraga i Radøy reknast som viktige fordi dei fungerer som frodige "blodårer" i landskapet, både i relativt fattige område med planta gran og i kulturlandskapet der dei m.a. kan fungere som spreingskorridorar. Bekkane drenerer òg dei særprega, langstrakte myrområda som er så karakteristisk for Radøy. Mange er også sjøaureførande. Sju lokalitetar er kartfesta (lok. 51-57).

#### Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Næringsrike innsjøar i tilknytning til kulturlandskapet, med rik vassvegetasjon og kantvegetasjon. Fleire av innsjøane/vatna i Radøy er nokså næringsrike på grunn av tilsig frå landbruk og busetnad og har stadvis rik kantvegetasjon (Nokre av vatna har periodevis hatt stor oppblomstring av blågrøn-bakteriar, noko som er eit teikn på for stor næringstilførsel). Fem vatn med rik vegetasjon er kartfesta (lok. 23 og 24).



Den vestlege bukta av Storevatnet (lok. 58) på Toska har eit tett belte av takrøyr langs kanten. Dette er den største takrøyrførekomsten i Radøy. Større takrøyrførekomstar som dette, kan vere viktig for ein del fuglearter, ikkje minst i trekk-tida, fordi dei både byr på godt skjul og god næringstilgang (insekt). Foto: K. Isdal.

#### SKOG (F)

Skog omfattar alle område der tre er dominerande (i denne kartlegginga med unntak av skogsbeite). Etter fjell er skog den vanlegaste naturtypen i Noreg. Omlag 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet på landsbasis er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi og dannar dermed svært mange ulike leveområde med anslagsvis 22.000 artar i Noreg. Over halvparten av alle landlevande dyr som er reisterte her i landet er tilknytt skog. Også svært mange raudlistearter er knytt til dette økosystemet, særleg artsrike grupper som insekt og sopp.

I denne kartlegginga er det først og fremst lagt vekt på skog med høgt artsmangfald, spesiell artssamansetjing eller skogtypar som vanlegvis dekker små areal.

#### Rik edellauvskog (F01)

Rik edellauvskog er skog av varmekjære lauvtre som ask, alm, eik, hassel, lind, bøk, svartor og spisslønn. Dette er artsrike og frodige skogar med krav til varmt sommarklima, ofte på næringsrik jord med rike bergartar. Ofte er skogane prega av tradisjonell bruk som styving og beite (DN 1999).

Edellauvskogen i Radøy veks helst i bratte, sørvendte lier med godt lokalklima. Skogane er oftest blandingsskogar med varmekjære lauvtre og sjeldan reine bestandar av enkeltartar. Dei vanlegaste trea er hassel, ask og eik, men alle dei varmekjære treslaga finst i kommunen. Edellauvskog som inneheld lind blir rekna som særleg viktige. Mange område ber spor av tidlegare utnytting, som hogst og beite, og trea er sjeldan særleg gamle. Det går framleis beitedyr i nokre av områda. Sju lokalitetar er kartfesta (lok. 63-69) i Radøy. Ei nærmare undersøking av kryptogamflora og funga er ønskjeleg på alle desse lokalitetane.



Det finst ikkje mykje edellauvskog på Radøy, men ein av dei som er lettast å finne er denne (lok. 67), som ligg like ved hovudvegen mellom Gjerde og Soltveit. Foto: K. Isdal.



Edellauvskogen ved Solend (lok. 69) illustrerer godt at denne naturtypen gjerne finst på dei lunaste stadane. Her veks skogen i den sørvendte lia i ein vestvendt botn. Foto: K. Isdal.

### *Rikare sumpskog (F06)*

Næringsrike typar av lauvskog og kratt på sumpjord som t.d. langs innsjøar og bekkefar (DN 1999). Slike område har ofte ein rik flora og fauna. Det finst nok mindre førekomstar av sumpskog fleire stader i Radøy, men berre ein lokalitet er registrert gjennom dette prosjektet (lok. 70).

### **KYST OG HAVSTRAND (G)**

Havstrand/kyst omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø og omfattar òg nokre område under vatn, på svært grunne stader (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byr på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som er sjeldne. Eit stort press på strandområda mange stader, gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste områda slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her. Sjølv om Radøy har ei nokså lang kystlinje, er det kartlagt få kyst- og havstrandlokalitetar i kommunen. Terrenget fell ofte bratt ned mot fjorden og geologien gir heller ikkje grunnlag for nokon rik strandvegetasjon.

I 2003 og 2004 deltok Radøy, saman med fleire andre kommunar i Nordhordland, i eit pilotprosjekt for kartlegging av marint biologisk mangfald. Her vart det kartfesta fleire lokalitetar som òg er aktuelle for naturtypekartlegginga, men dei er ikkje tekne med i denne rapporten. Med tida vil det truleg bli laga ein eigen rapport om marint biologisk mangfald, basert på ei meir grundig kartlegging enn det ein hadde høve til i pilotprosjektet. Men denne kartlegginga kjem truleg ikkje i gang før tidlegast i 2006.

### *Grunne straumar (G01)*

Straumar har ofte ei særeigen samansetjing av plante og dyreliv m.a. høg produksjon av marine botndyr (m.a. muslingar). Både god førekomst av botndyr, og det at straumane oftast er isfrie om vinteren, gjer at dei kan vere viktige overvintningsplassar for dykkender.

Fire grunne straumar (lok. 71-74), er kartfesta i Radøy, men ingen av desse ser ut til å vere spesielt viktige sjøfuglområde. Det er ikkje gjort nærmare undersøkingar av plante- og dyreliv på botnen, men ei betre undersøking av desse lokalitetane vil kanskje kunne gjennomførast i den framtidige marine kartlegginga.

### *Undervasseng (G02)*

Naturtypen omfattar grunne område i saltvatn, ned til 2-3 m djupne (DN 1999). Strandsumpar går ofte over til undervasseng lenger ute. Særleg større førekomstar av undervassenger er sjeldne og inneheld fleire spesialiserte artar, t.d. ålegras.

Ålegrassamfunn er m.a. viktige som oppvekstområde for fisk.

Berre *ei* undervasseng er kartfesta i Radøy under denne kartlegginga (lok. 75). Men velutvikla undervassenger med ålegras finst fleire stader i tilknytning til dei mange skjermavikene i kommunen (Lundberg 1992), noko som har blitt stadfesta under det marine pilotprosjektet. Desse lokalitetane bør kartfestast nærmare.

### *Strandeng og strandsump (G05)*

Naturtypen omfattar slake lausmassestrender med engvegetasjon av salttolerante gras og urter, med regelmessig oversvømming av sjøvatn (DN 1999). Er òg ofte påverka av ferskvassig frå land.

Fordi berget dei fleste stader går ganske bratt i sjøen, er det få godt utvikla strandenger og lausmassestrender i Radøy. Tre lokalitetar er kartfesta (lok. 76-78).



*Strandenga nord på Kvolmo (lok. 77.) Foto: K. Isdal*

### *Tangvollar (G06)*

Område med opphopning av ilandskylt tang, tare og anna organisk materiale. Tangvollar har høg biologisk produksjon og gir grunnlag for eit spesielt plantedekke av næringskrevjande og salttålande artar (DN 1999). Det er ofte store mengder insekt i rotnande tang, noko som kan vere viktig for rastande fuglar i trekketidene. Ein lokalitet er kartfesta i Radøy (lok. 79), men denne er ikkje nærmare undersøkt.

### *Brakkvasspollar (G08)*

Dette er avstengte (med terskel), marine basseng med ulik grad av marin påverknad gjennom tidevatnet. Blanding av ferskvatn og saltvatn gir grunnlag for svært produktive miljø (DN 1999). Naturtypen er sjeldan, også i Radøy. Ein lokalitet er kartfesta (lok. 80), men under det marine pilotprosjektet er det plukka ut nokre fleire lokalitetar som bør vurderast nærmare.

## 6. RAUDLISTEARTAR

### GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte artar med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ein del av artane "nedst" på lista (DC og DM) er plasserte der mest av "føre var" grunnar fordi vi har liten kunnskap om dei. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette auka fokus på artar som er trua regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

#### Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

#### Direkte truga - E (Endangered)

Artar som står i fare for å forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane held fram.

#### Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane held fram.

#### Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

#### Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

#### Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje blir rekna som truga. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen. Mange av artane i denne kategorien er plasserte her av "føre var" årsaker, fordi vi veit for lite om førekomst og utbreiing.

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over **ansvarsartar**. Dette er artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrensar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Mange av artane i dei to siste kategoriene i raudlista, DC og DM, særleg innan gruppene sopp, lav og mosar, er plasserte der fordi vi veit for lite om dei. Nokre av desse vil kanskje bli tekne ut av raudlista når kunnskapen om dei har blitt betre. På den andre side kan nye artar kome til som følgje av ny kunnskap.

### RAUDLISTA PLANTAR OG SOPP I RADØY

Det har ikkje blitt gjort særskilte søk i felt etter raudlisteartar under denne undersøkinga, men artar som tidlegare er funne på Radøy er lista opp i Tabell 4. Sidan kartlegginga av naturtypar har hatt ei sterk botanisk vinkling, blir det berre nemnt artar av plantar og sopp (ei oversikt over raudlista *viltartar* er gitt i viltrapporten for Radøy – Overvoll, Wiers & Toft 2004). Geografisk plassering av raudlistefunna er ikkje presentert. Årsaka til dette er at mange av funna har relativt dårleg geografisk presisjon (oftast dårlegare enn 100 m), og difor eignar seg dårleg til bruk i arealforvaltninga. Funn av raudlisteartar bør plottast med handhaldt GPS som kan gi ein presisjon på 10-15 m.

Bortsett frå fem lavartar er det ikkje kjent funn av raudlista plantar eller sopp på Radøy. Dette vitnar først og fremst om at floraen og fungaen på Radøy ikkje er blandt dei best undersøkte. Når det gjeld karplantar finst det neppe mange raudlisteartar i kommunen, men hinnebregne er ein opplagt kandidat. Denne vesle, moseliknande bregna er ganske vanleg på enkelte skuggefulle, fuktige berg på Vestlandet. Som vanleg elles i landet er førekomsten av mosar og sopp dårleg og sporadisk kartlagt. Dette er store og vanskelege artsgrupper som i mange tilfelle krev spesialkompetanse.

Med såpass god førekomst av grasdominert, ugjødsla naturbeitemark som på Radøy, burde førekomsten av beitemarkssopp vere ganske god. Beitemarkssopp er er gruppe artar som i stor grad er knytte til ugjødsla beitemark og slåtemark (Jordal 1997). Sidan dette er naturtypar i sterk tilbakegang, er fleire av soppene som er knytte til desse miljøa raudlista. Mange av beitemarkssoppene er lette å kjenne att, slik som jordtunger og fargerike vokssoppar.

**Tabell 2.** Funn av raudlistearta plantar og sopp i Radøy (Kjelder: Norsk Lavdatabase, Norsk Soppdatabase, Frisvoll & Blom (1997), Botanisk inst., UiB.).

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Habitat (DN 1999)	Raudliste
Karplantar (-)	ingen kjente funn			
Mosar (-)	ingen kjente funn			
Sopp (-)	ingen kjente funn			
Lav (5)	Sandgaffel	<i>Cladonia glauca</i>	Myr/Kyst	V
	Gullprikklav	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	Epifytt/Berg/Skog	V
	Piggtrøllskjegg	<i>Bryoria smithii</i>	Epifytt/Berg/Skog	DC
	Kystkorallav	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Berg/Skog	DC
	Kyststry	<i>Usnea fragilsecens</i>	Epifytt/Berg	DC

## 7. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Kartlegging av naturtypar er tidkrevjande arbeid, og innanfor rammene av prosjektet, har ein ikkje fått gått like grundig over alle dei områda som nok burde vore dekkja av registreringa. Under følgjer nokre forslag til kva som bør undersøkast betre i oppfølgjande kartlegging.

Rasmark, berg og kantkratt. Nordvendte kystberg har ofte ein særprega flora, særleg når det gjeld mosar og lav, og kan innehalde sjeldne artar. Naturtypen er ikkje nemnt i DN-handbok 13, og er difor ikkje forsøkt kartlagt i denne omgang. Eit søk etter slike lokalitetar bør gjerast i oppfølgjande kartlegging. Det kan òg finnast sørvendte berg med høge biologiske kvalitetar, sjølv om berggrunnen i Radøy ikkje er den mest interessante.

Kulturlandskap. Naturtypar i kulturlandskapet er godt representert i Radøy, men dette betyr ikkje at desse naturtypene er fullstendig kartlagte. Det finst sannsynleg fleire slåttemarkar med opphaleveg preg (ugjødsla eller lite gjødsla), og særleg når det gjeld naturbeitemark kan ein nok forvente å finne fleire aktuelle lokalitetar. Store, gamle tre bør undersøkast nærmare med tanke på kryptogamflora og insektfauna.

Ferskvatn og våtmark. Rike kulturlandskaps-sjøar er ganske godt representert, men kan nok finnast fleire aktuelle lokalitetar, særleg grunne bukter med rik vegetasjon. Dei kartlagte lokalitetane bør dessutan undersøkast nærmare med omsyn til flora. Mudderbankar kan kanskje òg førekome. Naturleg fisketomme vatn og tjørn bør kartleggast i samband med ferskvassundersøkingar.

Skog. Dei viktigaste førekomstane av edellauvskog er truleg fanga opp i denne kartlegginga, men ein kan likevel ikkje utelukke at det finst fleire. Ei meir grundig inventering av dei kartlagte lokalitetane er uansett ønskeleg, m.a. for å sjå etter eventuelle førekomstar av raudlisteartar.

Kystfuruslogen i Radøy er for det meste relativt ung i økologisk forstand, og innslaget av død ved, som er eit nøkkelement når det gjeld biologisk mangfald, er lågt. Likevel ville ei meir grundig undersøking av den eldste kystfuruslogen vere ønskeleg for å sjå etter avgrensa lokalitetar med spesielle kvalitetar, t.d. raudlisteartar. Område det kan vere aktuelt å sjå nærmare på er m.a. Vettåsen og Klubbesøyna ved Toska. Det kan òg finnast fleire førekomstar av sumpskog i kommunen.

Kyst og havstrand. Berre ei undervasseng er kartfesta under denne kartlegginga. Lundberg (1992) nemner at det skal finnast fleire førekomstar av ålegras i dei mange skjerma vikane langs kysten av Radøy, og gjennom det marine pilotprosjektet i 2003 og 2004 (kartlegging av marint biologisk mangfald, sjå DN-handbok 19), er fleire av desse stadfesta. Her vart det òg peika ut nokre fleire brakkvasspollar som bør undersøkast nærmare.

Førekomst av raudlisteartar er sentralt når det gjeld utplukking og verdisetting av viktige naturområde. Det har ikkje blitt gjort nyregistreringar av raudlisteartar i dette prosjektet, og det som finst frå før er sparsamt (sjå Kap. 6) og har generelt dårleg geografisk presisjon. Særleg når det gjeld sopp, lav, mosar og insekt er kunnskapen om førekomst dårleg. I framtida er det ønskeleg å få gjennomført både kontroll av kjende førekomstar og nyregistreringar.

## 8. LITTERATUR

- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. – DN-notat 2000-5.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2001. Kartlegging av marint biologisk mangfold. – DN-håndbok 19-2001. (Sjå også forslag til revisjon av handboka på [www.naturforvaltning.no](http://www.naturforvaltning.no))
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truede vegetasjonstyper i Norge. – Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vit.skapsmus. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Frisvoll, A.A. & Blom, H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førebels faktaark. Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Helland-Hansen, W. (Red.) 2004. Naturhistorisk vegbok, Hordaland. – Bergen Museum – Nord 4, Bergen. 568 s.
- Jordal, J.B. 1997. Sopp i naturbeitemark i Norge. – Utredning for DN nr. 6-1997.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 1992-2.
- Lundberg, A. 2004. "Havet". S. 388 i Helland-Hansen, W. (Red.) 2004. Naturhistorisk vegbok, Hordaland. – Bergen Museum – Nord 4, Bergen.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. – Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Overvoll, O., Stellberg, J. & Håland, A. 1996. Naturfaglig vurdering knytt til val av vegtrase, rv. 565, over Radøy, med perspektiv på bevaring av biologisk mangfold. - NNI-Rapport nr. 9. 13 + vedlegg.
- Overvoll, O., Wiers, T. & Toft, A.N. 2004. Viltet i Radøy. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Radøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 9-2004: 1-45.

### SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndep. sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning

### AKTUELLE INTERNETTADRESSER

Miljøverndepartementet	<a href="http://www.odin.dep.no/md">www.odin.dep.no/md</a>
Direktoratet for naturforvaltning	<a href="http://www.naturforvaltning.no">www.naturforvaltning.no</a>
Fylkesmannen	<a href="http://www.fylkesmannen.no">www.fylkesmannen.no</a>
Miljøstatus i Norge	<a href="http://www.miljostatus.no">www.miljostatus.no</a>
Naturbasen	<a href="http://www.dirnat.no/nbinnsyn">www.dirnat.no/nbinnsyn</a>
Norsk Lavdatabase	<a href="http://www.toyen.uio.no/botanisk/lav">www.toyen.uio.no/botanisk/lav</a>
Norsk Soppdatabase	<a href="http://www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/sopp/soppdb.htm">www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/sopp/soppdb.htm</a>
Norges Sommerfugler	<a href="http://www.toyen.uio.no/norlep">www.toyen.uio.no/norlep</a>
Norsk Soppforening	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nsf">www.nhm.uio.no/botanisk/nsf</a>
Norsk Botanisk Forening Vestlandsavd.	<a href="http://www.uib.no/bot/nbfv">www.uib.no/bot/nbfv</a>
Norsk Botanisk Forening	<a href="http://www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm">www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm</a>
Norsk Entomologisk Forening	<a href="http://www.entomologi.no">www.entomologi.no</a>



**Vedlegg:**  
**Kart og faktaark**




**Tabell 3.** Kartlagte naturtypelokaliteter i Radøy.

Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (da)	Verdi
1	Havet	Intakt låglandsmyr (A01)	958,0	A
2	Villanger-Mjøs	Intakt låglandsmyr (A01)	510,0	B
3	Skardås-Lyngås	Intakt låglandsmyr (A01)	675,8	B
4	Mjøs	Slåtteeenger (D01)	1,5	B
5	Vetås	Slåtteeenger (D01)	2,9	B
6	Olsvoll	Slåtteeenger (D01)	1,4	B
7	Olsvoll	Slåtteeenger (D01)	1,6	B
8	Halland	Slåtteeenger (D01)	10,0	B
9	Mellingen	Slåtteeenger (D01)	3,5	C
10	Birkeland	Slåttemyr (D02)	1,4	B
11	Straume	Artsrike vegkantar (D03)	3,4	B
12	Boga	Artsrike vegkantar (D03)	0,2	C
13	Mangerøy	Artsrike vegkantar (D03)	3,6	C
14	Morken	Naturbeitemark (D04)	486,0	B
15	Ingholmen	Naturbeitemark (D04)	33,8	B
16	Lundsåsen	Naturbeitemark (D04)	141,8	B
17	Dale	Naturbeitemark (D04)	55,7	C
18	Lyseknappen	Naturbeitemark (D04)	8,3	B
19	Kolås	Naturbeitemark (D04)	92,0	B
20	Olsvoll	Naturbeitemark (D04)	21,2	B
21	Nøttveit	Naturbeitemark (D04)	133,7	B
22	Morken	Naturbeitemark (D04)	32,3	B
23	Hestøyna	Naturbeitemark (D04)	65,0	B
24	Vågeneståna	Naturbeitemark (D04)	28,4	B
25	Tjore	Hagemark (D05)	15,6	B
26	Frotaule	Hagemark (D05)	17,1	B
27	Solheim	Hagemark (D05)	40,3	B
28	Helland	Hagemark (D05)	25,3	B
29	Lervik	Hagemark (D05)	33,5	A
30	Solend	Hagemark (D05)	18,9	B
31	Kviste	Skogsbeite (D06)	19,0	C
32	Halland	Skogsbeite (D06)	5,7	B
33	Uttoska/Toska	Kystlynghei (D07)	2769,0	A
34	Bøøyna	Kystlynghei (D07)	235,5	B
35	Vardøyna	Kystlynghei (D07)	240,5	B
36	Bøneset	Kystlynghei (D07)	630,4	B
37	Syltaneset	Kystlynghei (D07)	1397,3	C
38	Rapeneset	Kystlynghei (D07)	254,6	C
39	Kvolmo	Kystlynghei (D07)	361,6	C
40	Lervik	Kystlynghei (D07)	158,0	B
41	Prestegardsalléen, Manger	Parklandskap (D13)	10,1	B
42	Vetås	Store gamle tre (D12)	-	C
43	Halland	Store gamle tre (D12)	-	C
44	Manger	Store gamle tre (D12)	-	B
45	Manger	Store gamle tre (D12)	-	C
46	Manger	Store gamle tre (D12)	-	C
47	Manger	Store gamle tre (D12)	-	B
48	Mjøs	Store gamle tre (D12)	-	C
49	Frotjold	Store gamle tre (D12)	-	C
50	Pusseieika	Store gamle tre (D12)	-	B
51	Storelva	Viktige bekkedrag (E06)	77,2	A
52	Boga	Viktige bekkedrag (E06)	6,2	B
53	Villanger	Viktige bekkedrag (E06)	143,0	B
54	Gjerde	Viktige bekkedrag (E06)	103,9	B
55	Klubbeselva	Viktige bekkedrag (E06)	133,5	B
56	Haukåstjønna	Viktige bekkedrag (E06)	161,5	B
57	Kvernhuselva - Mellingen	Viktige bekkedrag (E06)	198,7	B
58	Storavatnet - Toska	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	23,7	B
59	Kjevatnet	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	14,9	B
60	Littlevatnet - Toska	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	18,8	B
61	Tjønnebotnane	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	34,3	B

**Tabell 3.** Forts.

Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (da)	Verdi
62	Bøtjørna	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	30,0	B
63	Manger	Rik edellauvskog (F01)	4,4	B
64	Manger	Rik edellauvskog (F01)	63,4	A
65	Ystebø	Rik edellauvskog (F01)	33,0	B
66	Myking	Rik edellauvskog (F01)	18,6	A
67	Gjerde	Rik edellauvskog (F01)	32,5	B
68	Halland	Rik edellauvskog (F01)	10,6	A
69	Sølend	Rik edellauvskog (F01)	10,8	B
70	Olsvoll	Rikare sumpskog (F06)	36,3	B
71	Bøøysundet	Grunne straumar (G01)	55,8	B
72	Lyktikjølleren	Grunne straumar (G01)	25,9	B
73	Havna (på Kråkena)	Grunne straumar (G01)	34,3	B
74	Svelingasundet	Grunne straumar (G01)	8,6	B
75	Taulevågen	Undervasseng (G02)	249,0	C
76	Villanger	Strandeng (G05)	2,4	B
77	Kvolmo	Strandeng og strandsump (G05)	9,0	B
78	Kvolmo	Strandeng og strandsump (G05)	3,8	B
79	Træsvågen	Tangvollar (G06)	1,9	B
80	Mangerpollen	Brakkvasspollar (G08)	22,9	C
81	Buneset	Store gamle tre (D12)	-	C




### Kart 1. Skog og jordbruksareal

- Barskog
- Lauvkog
- Jordbruksareal
- Myr
- Naturvern




Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/GEOVEKST (DMK)





## Kart 2. Viktige naturtyper

- A - svært viktig
- B - viktig
- C - lokal verdi



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)





<b>Lokalitet</b>		<b>1 Havet</b>	
<b>Hovedtype</b>	Myr	<b>Areal</b>	958 da
<b>Undertype</b>	Intakt låglandsmyr (A01)	<b>Verdi</b>	A - svært viktig
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>			
<p>Dette er ei av dei største samanhengande låglandsmyrane som er att i Hordaland. Lokalt går denne myra under namnet "Havet". Mange stader er det spor etter torvtaking. Dei fleste andre store myrar på Radøy er drenerte og oppdyrka eller tilplanta med gran og sitkagran. Også "Havet" er noko grøfta i kantane, noko som har påverka vegetasjonen i ytre delar av området, og både sjølvfrødd og planta skog spreier seg innover myra (Lundberg 2004). Myra er uvanleg tuete og vanskeleg å ta seg fram i. Lokaliteten er ikkje spesielt artsrik, botanisk, men storleik og berre mindre/moderat menneskeleg påverknad gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.</p>			
<b>Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål</b>			
Grøfting, oppdyrking			
<b>Kjelder</b>			
Lundberg (2004)			
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	28.08.2001
<b>Lokalitet</b>		<b>2 Villanger-Mjøs</b>	
<b>Hovedtype</b>	Myr	<b>Areal</b>	510 da
<b>Undertype</b>	Intakt låglandsmyr (A01)	<b>Verdi</b>	B - viktig
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>			
<p>Stor, samanhengande låglandsmyr mellom Villanger og Mjøs. Det er spor etter torvtaking. Områda kring myra er tilplanta med gran. Myra er ikkje spesielt artsrik, men storleik og mindre/moderat menneskeleg påverknad gjer at lokaliteten blir vurdert som viktig.</p>			
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	28.08.2001
<b>Lokalitet</b>		<b>3 Skardås-Lyngås</b>	
<b>Hovedtype</b>	Myr	<b>Areal</b>	676 da
<b>Undertype</b>	Intakt låglandsmyr (A01)	<b>Verdi</b>	B - viktig
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>			
<p>Stor, samanhengande låglandsmyr mellom Skardås og Lyngås. Nordre del av Skardåsmyrane er i stor grad grøfta og tilplanta med gran. Myra har vore torvtak for Øygarden, som eigde myra tidlegare. Søre del av Skardåsmyrane er mindre påverka, det same gjeld Lyngåsmyrane. Området er svært stort, og utgjer eit av dei største myrområda i fylket vårt. Storleik og grad av inngrep gjer at lokaliteten blir vurdert som viktig.</p>			
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	01.08.2001
<b>Lokalitet</b>		<b>4 Mjøs</b>	
<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	1,5 da
<b>Undertype</b>	Slåtteenger (D01)	<b>Verdi</b>	B - viktig
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>			
<p>Mindre tørreng på høgdedrag. Enga har kontinuitetspreg og blir framleis halden i hevd ved slått. Jordnøtt dominerer. Lokaliteten grensar mot meir gjødsla/intensivt drive areal.</p>			
<b>Karakteristiske artar</b>			
Jordnøtt, tveskjeggveronika, engsoleie, småsyre, ryllik, tiriltunge, raudkløver, gulaks, blåtopp			
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	21.06.2001

**Lokalitet 5 Vetås**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	2,9 da
<b>Undertype</b>	Slåtteeenger (D01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Jordnøtteng i skråninga aust for vegen på Vettås. Tørreng i eit drag over ein bergnabb. Engfloraen er mest artsrik her, og ber ikkje preg av å vere særleg gjødsla. Resten av enga er fuktigare og ber preg av å vere meir gjødsla. Berre delar av enga vart slått sommaren 2001. Dersom bruken opphøyrer står enga i fare for å gro att.

Heile skråninga nord for lokaliteten var tidlegare slåtteeeng. I dag vert mesteparten av dette området beita, men ikkje slått. Det har kome opp mykje lauvskog i skråninga, spesielt ask.

**Karakteristiske artar**

Tepperot, jordnøtt, småsyre, blåklokke, sveve sp., tiriltunge, knollerteknapp, raudsvingel

**Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål**

Attgroing, gjødsling

**Aktuelle forvaltningstiltak**

Framhald av slått utan kunstgjødsling

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 02.07.2001

**Lokalitet 6 Olsvoll**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	1,4 da
<b>Undertype</b>	Slåtteeenger (D01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Urterik slåtteeeng langs vegen på Olsvoll. Enga ber preg av å vere lite gjødsla og vert slått i midten av juli. Enga har struktur og artsinnhald som tidlegare var typiske for naturenger i Radøy. Engfloraen er artsrik og utgjer eit referanseområde for denne kulturmarkstypen.

**Karakteristiske artar**

Gulaks, hundegras, engrapp, engfrytle, harestarr, beitestarr, blåklokke, storkenebb, jordnøtt, engsoleie, raudkløver, tepperot, engsyre, gjerdevikke, engsmelle

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 7 Olsvoll**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	1,6 da
<b>Undertype</b>	Slåtteeenger (D01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Artsrik slåtteeeng, på høgda langs vegen ved Olsvoll. Enga er framleis i hevd ved slått.

**Karakteristiske artar**

Gulaks, hundegras, engrapp, engfrytle, harestarr, beitestarr, blåklokke, jordnøtt, engsoleie, raudkløver, tepperot, engsyre, gjerdevikke, engsmelle, storkenebb

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 8 Halland**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	10 da
<b>Undertype</b>	Slåtteenger (D01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Urterik slåtteeng på innmarka til garden Halland, ved Hallandsvatnet. Innmarka blir beita av sau om våren, fram til månadskiftet mai/juni. Enga vert slått berre ein gong, i første halvdel av juli. Sauebeite om hausten. Enga ligg i skråninga ned mot Hallandsvatnet, og vert delt i to av hovudvegen. Dei delane av enga der ein ikkje kjem til med traktor er lite gjødsla og har stor artsrikdom. Her vert det slått med motorslåtmaskin. Enga er særleg rik på oppsida av veggen ("Brøremyre"). I overkant av enga ligg ein liten beiteskog med eik ("Eikjelitone"). For å lette kantslått, vert gjerdet fjerna etter at sauene er flytt til utmarka.

Enga på nedsida av veggen ("Ramsebakkjen") manglar prestekrage, men her er mykje jordnøtt og blåklukke.

**Karakteristiske artar**

Prestekrage, blåklukke, raudkløver, tiriltunge, legeveronika, tveskjeggveronika, ryllik, kvitkløver, tepperot, engsoleie, blåkoll, kystgrisøre/sveve, gulaks, blåtopp, englodnegras, harestart

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	06.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet 9 Mellingen**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	3,5 da
<b>Undertype</b>	Slåtteenger (D01)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Urterik slåtteeng på instebø. Ber preg av lite gjødsling og er frodig. Blir slått i midten av juli.

**Karakteristiske artar**

Fuglevikke, raudkløver, storkenebb, engsoleie, hanekam, englodnegras, småsyre, engmarikåpe

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	06.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet 10 Birkeland**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	1,4 da
<b>Undertype</b>	Slåttemyr (D02)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Myr mellom Trædsvatnet og Byrkjelandsvågen ved Skageneset. Myrhatt er dominerande urt. Andre artar er m.a. engsoleie, vassarve, slåttestarr og gulldusk. Busksjikt ikkje utvikla. Dette kan vere ei gammal slåttemyr.

**Karakteristiske artar**

Myrhatt, engsoleie, vassarve, slåttestarr, gulldusk

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	17.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet 11 Straume**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	3,4 da
<b>Undertype</b>	Artsrike vegkantar (D03)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Artsrike vegkantar langs veggen ned mot kaia på Straume. Grensar mot attgrodd kultureng. Strandberg ned mot sjøen på vestsida, lauvskog på austsida. Vegkanten har eit stort mangfald av typiske slåtteengartar. I parti med attgroing/gjødslings-effekt veks bringebær, hundekjeks og mjødurt.

**Karakteristiske artar**

Markjordbær, engsoleie, sveve, jordnøtt, tveskjeggveronika, knollerteknapp, smalkjempe, firkantperikum, titiltunge, ryllik, raudkløver, engsyre, storkenebb

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	27.06.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 12 Boga

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	0,2 da
<b>Undertype</b>	Artsrike vegkantar (D03)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Liten men artsrik vegkant ved Boga, mellom bru (Nesvatnet) og ferist.

**Karakteristiske artar**

Tveskjeggveronika, legeveronika, raudkløver, tiriltunge, jordnøtt, engsoleie, tepperot, engsyre, smalkjempe, firkantperikum, løvetann, blåklokke, grov nattfiol

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	02.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 13 Mangerøy

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	3,6 da
<b>Undertype</b>	Artsrike vegkantar (D03)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Gammal, grasdekt veg mot utmarka ved Svemyra under garden Mangerøy. Augentrøyst ligg som eit teppe i botn og indikerar langvarig hevd. Elles raudkløver, engsoleie, tiriltunge, kvitkløver, blåtopp, legeveronika, føllblom, vanleg arve.

**Karakteristiske artar**

Augentrøyst, raudkløver, engsoleie, tiriltunge, kvitkløver, blåtopp, legeveronika, føllblom, vanleg arve

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	17.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 14 Morken

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	486 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lokaliteten er ein del av eit større område med beitemark som strekker seg frå Kolstad i sør, over Morkenfjellet-Nøttveitveten og til Solendfjellet i nord (jamf. lok. 21). Beitemarka er beita av sau og er prega av hard beitegang med stor trakkpåverknad. Det vert brukt noko gjødsel, men ikkje i stor utstrekning, då terrenget er så ulendt at dette må gjerast for hand. Beitemarka til Morken-gardane er i svært god hevd, og det er sjeldan at ein finn dette i eit så stort, samanhengande område.

Lokaliteten inneheld tradisjonelle beitemarksartar som tiriltunge, tepperot, legeveronika og blåklokke. Delar av beitemarka har tydelig engpreg, og må ha vore slått tidlegare. Her finn ein gulaks, engsoleie, engsyre, blåtopp, tepperot, blåklokke, jordnøtt og ryllik. Mindre delar av marka er tilgrodd med einer, og mindre felt er planta til med sitkagran, men området er i stor grad autentisk og i god hevd.

Beitemarka er ein rest av ein tidlegare svært så utbreidd kulturmarkstype i kommunen, og utgjer eit referanseområde for slike kulturpåverka vegetasjonssamfunn. Området er ein del av tusenårsstaden i Radøy kommune.

**Karakteristiske artar**

Tiriltunge, tepperot, legeveronika, blåklokke, gulaks, engsoleie, engsyre, blåtopp, jordnøtt, ryllik

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	23.08.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet 15 Ingholmen**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	34 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Naturbeitemark på ein holme mellom Marøy og Bøneset. Lokaliteten er prega av hard beitegang med stor trakkpåverknad. Området er førebels i god hevd, men det har ikkje vorte beita sommaren 2001. Dersom bruken opphøyrer står beitemarka i fare for å gro att.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 16 Lundsåsen**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	142 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Naturbeitemark som strekker seg over heile Lundsåsen, som er utmark til gardane på Lunde. Delar av området er i god hevd ved beite, medan andre delar er i ferd med å gro att.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 17 Dale**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	56 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Naturbeitemark på høgdedrag ved Dale. Området er ikkje grundig undersøkt, men ser ut til å vere relativt intakt.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 18 Lyseknappen**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	8,3 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Beitemark på nes ut mot Radsundet, som vert beita av sau. Namnet skal kome av at neset ("knappen") har sol det meste av dagen, og at her er spesielt grøderikt. Lyseknappen har vore husmannsplass under garden Olsvoll. Ein kan finne restar etter husgrunner (frå dei første husa) i beitemarka. Grunneigar fortel at graset kjem tidlegare på "knappen" enn i dei andre beite-/slåttemarkene, og at sauene likar seg best her.

I beitemarka finn ein mellom anna blåklokke, ryllik, småsyre, føyllblom, kvitkløver, raudsvingel. Lokaliteten vert gjødsla litt med kunstgjødsl, men artar som blåklokke tyder på lite gjødsling. Det veks ein del tre i beitemarka, m.a. nokre gamle rognetre og ei enorm selje (2,20 m i omkrins!). I dei bratte skrentane ned mot sjøen veks noko einerkratt. Beitemarka har truleg vore slåttemark tidlegare, og utnyttinga av området går nok langt attende i tid (Hans Lyseknappen pers. medd.).

**Karakteristiske artar**

Blåklokke, ryllik, småsyre, føyllblom, kvitkløver, raudsvingel

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet** 19 Kolås

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	92 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Naturprega beitemark på innmarka til Kolås. Bruka her er ikkje i drift, men området vert beita med dyr frå Morkengardane. Beitemarka har truleg vore slåttemark tidlegare, og utnyttinga av området går nok langt attende i tid.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet** 20 Olsvoll

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	21 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Naturbeitemark i bratt vestvendt skråning på Olsvoll. Grensar mot riksvegen i nedre kant. Området nord for ein steinmur har frå gammalt av vore slåtteeng, i den tida dei slo med ljà (R. Nyhamn pers. medd.). I dag vert området beita av sau, og vert svært lite gjødsla med kunstgjødsl. Området blir òg noko kalka. Dominerande artar er jordnøtt, elles førekjem m.a. blåklokke.

**Karakteristiske artar**

Jordnøtt, blåklokke

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 02.07.2001

**Lokalitet** 21 Nøttveit

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	134 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Naturbeitemarka er ein del av eit større område med beitemark som strekker seg frå Kolstad i sør, over Morkenfjellet-Nøttveitveten og til Solendfjellet i nord (jamf. lok. 14). Beitemarka, som vert beita av sau, er prega av hard beitegang med stor tråkkpåverknad. Her vert gjødsla noko med kunstgjødsl, men ikkje i stor utstrekning, då terrenget er så ulendt at dette må gjerast for hand. Store delar av beitemarka til Nøttveitgardane er i god hevd, men ein del av områda er tilplanta med gran. Grana har frøa seg kraftig, og kan føre til at nye delar av beitemarka gror att.

Ein finn tradisjonelle beitemarksartar som tiriltunge, tepperot, legeberonika, blåklokke. Delar av beitemarka har tydeleg engpreg, og må ha vore slått tidlegare. Her finn ein m.a. gulaks, engsoleie, engsyre, blåtopp, tepperot, blåklokke, jordnøtt og ryllik. Delar av marka er attgrodd med einer, og enkelte felt er planta til med sitkagran, men området er i stor grad autentisk og i god hevd.

**Karakteristiske artar**

Tiriltunge, tepperot, legeberonika, blåklokke, gulaks, engsoleie, engsyre, blåtopp, jordnøtt, ryllik

**Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål**

Opphøyr av beitebruk og attgroing

**Aktuelle forvaltingstiltak**

Framleis beiting, hindre spreieing av sitkagran

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 23.08.2001

**Lokalitet 22 Morken**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	32 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Innmarksbeite langs vegen på Morken. Området er knausete og inneheld mange små rydningsrøyser. Området vert beita av sau og vert gjødsla litt med kunstgjødsla. Beitemarka er opprinneleg gammal slåttemark, og utnyttinga av området går nok langt attende i tid.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet 23 Hestøyna**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	65 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Beitemark på Hestøyna nord for Marøy. Sommarbeite for sau, fin grasmark. Lite gjødsla. Beitemarka har truleg vore slåttemark tidlegare, og utnyttinga av området går nok langt attende i tid.

**Kjelder**

Kåre Marøy

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet 24 Vågeneståna**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	28 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Innmarksbeite som grensar mot sjøen på Vågenes. Beitemarka, som vert beita av storfe (Angus), er prega av hard beitegang med stor trakkpåverknad. Det vert gjødsla noko med kunstgjødsla, men ikkje i stor utstrekning, då terrenget er så ulendt at dette må gjerast for hand. Beitemarka har vore slåttemark tidlegare.

**Kjelder**

Ragnar Vågenes

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet 25 Tjore**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	15,6 da
<b>Undertype</b>	Hagemark (D05)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Bjørkehage på Tjore i austvendt skråning på nedsida av vegen. Her er enkelte svært store og gamle tre til bjørk å vere. Dei eldste på garden kan hugse at bjørketrea var store også når dei var born. Det vart årleg teke ut litt bjørkeved til brensel. Det vart slått gras her fram til ca. 1917. Etter den tid har området vore beite for sau og storfe. I dag vert området beita av storfe (ammekyr av Hereford). Feltsjiktet ber preg av mykje trakk. Beitemarka vert gjødsla litt med kunstgjødsla.

Det er òg teke med ein lokalitet som ligg på nabobruket, litt lenger sør. Denne lokaliteten kan sjåast frå vegen. Feltsjiktet ber preg av gammal slåttemark som ikkje har vore særleg gjødsla. Dei siste åra har ikkje marka vorte slått og artsmangfaldet ber preg av attgroing. Av artar kan nemnast gulaks, tiriltunge, følblom, blåklokke, engsoleie, raudkløver, ryllik, fuglevikke, jordnøtt, firkantperikum og smalkjempe.

**Karakteristiske artar**

Bjørk, gulaks, tiriltunge, følblom, blåklokke, engsoleie, raudkløver, ryllik, fuglevikke, jordnøtt, firkantperikum, smalkjempe

**Kjelder**

Björg Skarbø

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 26 Frotaule**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	17 da
<b>Undertype</b>	Hagemark (D05)	<b>Verdi</b>	B – viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Bjørkehage med beitemark for sau i nordaustvendt bakke. Bjørka er høgvaksen og gammal. Delar av bjørkehagen er tilplanta med gran.

**Kjelder**

Informant: Morgan Taule

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 27 Solheim**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	40 da
<b>Undertype</b>	Hagemark (D05)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Hagemark på sørvestsida av Solheimsåsen. Tresjikt av store, gamle lauvtre. Bjørk dominerer, men her er og mykje hassel, rogn, osp, selje og eik. Feltsjiktet har tradisjonelt vorte slått, då dette var del av innmarka. I dag vert området beita av storfe. Feltsjiktet ber preg av det vert gjødsla ein god del.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 28 Helland**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	25 da
<b>Undertype</b>	Hagemark (D05)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Hagemark med tresjikt dominert av frittstående hasselklynger i vestvendt bakke som vender ned mot vegen. Feltsjiktet vart tidlegare slått, men er i dag beitemark for sau. Lokaliteten vert truleg lite gjødsla med kunstgjødsla. Langs kanten mot vegen er det artsrikt med artar som raudkløver, følblom, blåklokke, tiriltunge, smalkjempe, kvitkløver, småsyre og legeveronika.

**Karakteristiske artar**

Hassel, raudkløver, følblom, blåklokke, tiriltunge, smalkjempe, kvitkløver, småsyre, legeveronika

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 29 Lervik**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	33,5 da
<b>Undertype</b>	Hagemark (D05)	<b>Verdi</b>	A - svært viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Beita hagemark på innmarka til garden Lervik. Dominerande treslag er eik og hassel. Eiketrea er store og truleg svært gamle (største eika i hagemarka vart målt til 2,62 m i omkrets i brysthøgde). Også hasselbuskene er truleg gamle. Feltsjiktet vert beita av sau, men frå gammalt av var dette innmark som vart slått. Beitemarka er i god hevd, og området vert ikkje gjødsla noko særleg med kunstgjødsla. Karakteristiske artar i feltsjiktet er gulaks, geitesvingel, følblom, vanleg arve, tepperot, harestarr, englodnegras, kvitkløver, ryllik, engsyre og jordnøtt.

I den søraustlege delen av området har det ikkje vore beita på lenge. I feltsjiktet her finn ein artar som marimjelle, gaukesyre, firkantperikum, haukesjegg, blåknapp, jordnøtt og engsyre. I ein bratt skrent ned mot vatnet i sørvest, veks liljekonvall og vivendel. Av treslag finn ein i tillegg lind, osp og hegg.

I området nord for eikehagen vert beitemarka gradvis meir dominert av bjørk og selje. Desse trea er òg forholdsvis store. Feltsjiktet her er i god hevd, og vert beita av sau.

**Kjelder**

Tore Helland

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 03.08.2001



**Lokalitet 30 Solend**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	19 da
<b>Undertype</b>	Hagemark (D05)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Hagemark i sørvestvendt skråning, på oppsida av vegen over Lifjellet. Tresjiktet vert dominert av eik, men her er òg bjørk, rogn, hassel og selje. Feltsjiktet vart tidlegare slått, men vert i dag beita. På nedsida av vegen ligg eit område med eikeskog og området nord for lokaliteten er òg rikt på edellauvtre.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 20.06.2001

**Lokalitet 31 Kviste**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	19 da
<b>Undertype</b>	Skogsbeite (D06)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Skogsbeitemark på Kviste som grensar mot sjøen i vest. Området er ein del av ei beitemark for sau. Bjørka er høgvaksen og gammal, feltsjiktet har skogpreg med mosar og bregner i botn. Det veks ein del eik i utkanten av området.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet 32 Halland**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	6 da
<b>Undertype</b>	Skogsbeite (D06) / Hagemark (D05)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Skogsbeite/hagemarkskog med store eiketre som dominerande treslag. Innslag av hassel. Feltsjiktet vert beita av sau vår og haust. Namnet Eikjelitone tyder på at det har vore eik i området i lang tid.

**Karakteristiske artar**

Eik, hassel, skogmarimjelle, legeveronika

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 06.07.2001

**Lokalitet 33 Uttoska/Toska**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	2770 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	A - svært viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

På Uttoska finn ein ei av dei største, samanhengande lyngheiane i Hordaland som framleis er i hevd. Landskapet er fritt og ope, med mykje myr og berg i dagen. Området ligg verhardt til mot Fedjeosen i nord. I sørvendte skråningar veks purpurlyng. Kusymre finst på stader der det er grasmark og næringsrik jord. Elles er røsslyng og klokkelyng dominerande artar.

Uttoska, saman med nordre del av Toska, er utmark for gardane på Toska. Etter ca. 25 år med lite beiting har lyngheiane på Uttoska sidan 1997 vorte beita av utegangarsau - ca. 200 vinterfora sau og ca. 375 sommerfora sau. Nordre Toska har vore meir i bruk, og her beitar storfe (Skotsk høylandsfe og Angus) og spelsau.

Lokaliteten er truleg verneverdig som referanseområde for vestnorske lyngheisamfunn.

Nordlege del av området har òg verdi som hekkeområde for måsar.

**Karakteristiske artar**

Røsslyng, klokkelyng, purpurlyng

**Kjelder**

Bjørn Moe (Bergen) og Fylkesmannen i Hordaland

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 34 Bøøyna

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	235 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Lynghei på Bøøyna nord i kommunen. Området har vore svidd og beita gjennom lang tid og er i god hevd, sjølv om det har vore lite beita dei siste åra.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 35 Vardøyna

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	240 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Lynghei i god hevd på Vardøyna nord i Radøy. Området vart svidd på slutten av 1990-talet. Beite for utegangarsau.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 36 Bøneset

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	630 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Utmarksbeite som vekslar mellom lynghei og grasmark. Omlag 60 villsau og 18 angusfe beitar i området (sommaren 2001). Lyngheia er av varierende kvalitet. Nokre stader er lyngen grov og forveda, andre stader halden i hevd med lyngsviing. Inste delen av halvøya er noko attgrodd med vierkratt, einer og unge lauvtre. Området er ei av dei største, samanhengande lyngheiane i Radøy.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 05.07.2001

**Lokalitet** 37 Syltaneset

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	1400 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Stort område med lynghei på Syltaneset heilt nord på Radøy. Lyngheia er av varierende kvalitet, og beitepresset i området er lite. Stadvis er lyngen grov og forveda, og deler av halvøya er noko attgrodd med vierkratt, einer og unge lauvtre. Mindre delar av området er tilplanta med gran. Blandt dei største, samanhengande lyngheiane i Radøy.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 05.07.2001

**Lokalitet** 38 Rappeneset

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	255 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Kystlynghei på Rappeneset, heilt nord i kommunen. Lyngheia er av varierende kvalitet, og beitepresset er lite. Deler av halvøya er noko attgrodd med vierkratt, einer og unge lauvtre.

**Kjelde**

Asbjørn Toft

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 05.07.2001

**Lokalitet** 39 Kvolmo

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	362 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Utmarksbeite på Kvolmo som vekslar mellom lynghei og grasmark. Noko granplanting. Området er beite for ca. 140 utegangarsau. Beitet får kvile på våren, før det er beite att i juli. Lyngheia er i god hevd.

**Kjelde**

Kåre Marøy

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 05.07.2001

**Lokalitet** 40 Lervik

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	158 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Utmarksbeite til garden Lervik ved Hallandsvatnet. Veksling mellom lynghei og grasmark. Det kjem opp ein del ung bjørk. Området har vore beite for angusfe i ei årrekke, men vert no beita av sau. Beitemarka er i god hevd og det kjem opp mykje ny, frisk lyng. Dette er det einaste kystlyngheimrådet som er registrert på sjølve Radøy. Dei fleste gamle lyngheimråda inne på øya er anten i attgroing eller har vorte tilplanta med skog eller oppdyrka til moderne graseng.

**Kjelde**

Tore Helland

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 05.07.2001

**Lokalitet** 41 Prestegardsalléen

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	10 da
<b>Undertype</b>	Parklandskap (D13) / Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Prestegardsalléen på Manger vart truleg planta for ca. 250 år sidan. Det vart opprinneleg planta ask, og ein del av desse står framleis. Delar av alléen har seinare vorte planta med lønn. Nye asketre vart planta i år 2000 i prestegardsalléen.

Ei litt spesiell ask står som ein del av den opprinnelege prestegardsalléen. Aska står att som eit halvt tre, og er i tillegg hol, slik at berre "skalet" står att. Krona, to store greiner, vart saga ned til ca. 4 m høgde for nokre år sidan, for at ikkje treet skulle velte. Inne i treet kan ein sjå restar etter eit tidlegare bergingsforsøk; ein jernring som treet etterkvart har vakse over.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet** 42 Vetås

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	-
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Stor lønn i gammalt fråflytt tun. 3,60 m i omkrets i brysthøgde. Treet er delvis sjult av yngre tre som kjem opp rundt. Dette er det eldste og største treet ein kjenner til i bygda.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 02.07.2001

<b>Lokalitet</b>	43 Halland	
<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b> -
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>		
Stor bøk i tunet på Halland. 4,29 m i omkrets. Bøka deler seg langt nede på stammen i fleire greiner. Greinene vert haldne saman med ein metallwire i 2-3 meters høgd.		
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b> 06.07.2001
<b>Lokalitet</b>	44 Manger	
<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b> -
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b> B - viktig
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>		
Stor ask ved folkehøgskulen på Manger, målt til 4,20 m i brysthøgde. Del av den gamle prestegardsallèen (lok. 41). Aska er truleg hol. Vart planta av presten Frimann (?) for ca. 250 år sidan.		
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b> 10.07.2001
<b>Lokalitet</b>	45/46 Manger	
<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b> -
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>		
To "tvillingtre" av eik, med bergflette veksande oppover stammene. Begge trea måler ca. 2.50 m i omkrins i brysthøgde.		
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b> 06.07.2001
<b>Lokalitet</b>	47 Manger prestegard	
<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b> -
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b> B - viktig
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>		
Stor alm, målt til 4 m i omkrins i brysthøgde. Står i prestegarden.		
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b> 10.07.2001
<b>Lokalitet</b>	48 Mjøs	
<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b> -
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi
<b>Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering</b>		
Stor bøk i tidligere gardstun på Mjøs. Treet er 4,20 m i omkrets ved rota, ca. 4,55 m ved midjehøgde, deretter deler treet seg i fleire kraftige greiner slik at omkretsen i brysthøgde er nærmare 5,20 m. Treet har fått ein skade ved at forrige eigar sagde av 3-4 av greinene for å få utsikt. I sårflatene er det råteskadar. Treet er veksestad for ulike typar lav og mose, samt bregner, rognetre og gras. Det ser ikkje ut til at treet er holt. Alderen på treet er uviss. Det er godt jordsmonn på staden, slik at treet truleg har hatt gode veksekår. Truleg treet med tjukkast stamme i Radøy.		
<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b> 23.07.2001

**Lokalitet 49 Frotjold**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	-
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Ca. 100 år gammel eik. Omrins ca. 1,5 m.

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	23.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet 50 Pusseeika**

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	-
<b>Undertype</b>	Store, gamle tre (D12)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Stor eik i varmekjær li på Nordanger. Lokalt kalla pusseeika. Truleg den største eika i Radøy. Treet har ein omkrins i brysthøgde på ca. 4 m og ei høgd på 20-30 m. Eika kan vere nærmare 300 år gammal. Rundt 1930 vart eigaren tilboden 100 kr. for eika, men avslo.

<b>Registrert av</b>	Asbjørn Toft	<b>Dato</b>	17.12.2004
----------------------	--------------	-------------	------------

**Lokalitet 51 Storelva**

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	77 da
<b>Undertype</b>	Viktige bekkedrag (E06)	<b>Verdi</b>	A - svært viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Viktig bekkedrag i kulturlandskapet mellom Hallandsvatnet og Mykingvatnet. Elva renn gjennom innmarka til gardane Helland, Sætre og Myking. I kantsona langs heile bekkedraget er det mykje strandrøyr, noko takrøyr og ein god del sverdlilje. Denne høge vegetasjonen utgjer gode sjulestader for fugl. Heile vassdraget har ein viktig funksjon som spredningskorridor. Landskapet kring bekken varierer mellom beitemark og lauvskog (gjengroing av kulturmark). Vassdraget har ein god bestand av gjedde og mykje ål og røye. Det er sett ut regnbogeaure. Både ved inntaket til bekken i nordenden av Hallandsvatnet og ved utløpet i sør, er det artsrikt med m.a. gul- og kvit nøkkerose og tjønnaks. Bekkedraget er artsrikt, intakt og relativt "friskt" (moderat til lite forurensa).

**Karakteristiske artar**

Strandrøyr, takrøyr, sverdlilje

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	23.08.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet 52 Boga**

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	6,2 da
<b>Undertype</b>	Viktige bekkedrag (E06)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Elva mellom Nesvatnet og Bogatjørna har rik vegetasjon med nøkkeroser, sverdlilje, strandrøyr og tjønnaks. Langs bekkedraget veks ein del vierkratt og lauvtrevegetasjon dominert av bjørk og rogn.

**Karakteristiske artar**

Nøkkeroser, sverdlilje, strandrøyr, tjønnaks

**Kjelder**

Overvoll, Stellberg & Håland (1996)

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	26.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet 53 Villanger**

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	143 da
<b>Undertype</b>	Viktige bekkedrag (E06)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Bekkedrag mellom Færevatnet og Villangervågen. Dette er eit av fleire langstrakte våtmarksområde i nordre del av Radøy. Bekkedraga fungerer som blodårer i eit landskap dominert av store plantefelt med gran. Viktige leveområde og spreingskorridorar for fugl og insekt. Områda er i stor grad urørde om ein ser vekk frå plantefelta.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 28.08.2001

**Lokalitet 54 Gjerde**

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	104 da
<b>Undertype</b>	Viktige bekkedrag (E06)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lokaliteten omfattar Gjerdevatn, Storrindevatn og Klessvatn med tilførsleelvar. Naturtypen vekslar mellom vegetasjonsfattige, langstrakte innsjøar og mindre tjørn med rikare vegetasjon. Vestevatnet, Gjerdevatnet og Storrindsvatnet er svært vegetasjonsrike, med gode bestandar av m.a. andamat, strandrøyr, sverdlilje og storvaksne vierkratt. I den sørvestvendte lia langs myra og vatna er det eit rikt innslag av eik og hassel. Både landskapet si utforming, vegetasjonsbildet og gode førekomstar av enkeltartar (karplantar) gjer at området blir vurdert som svært spesielt (Overvoll, Stellberg & Håland 1996), og bør òg ha potensial for ein rik fauna av virvellause dyr, amfibiar og fugl.

**Kjelder**

Overvoll, Stellberg & Håland (1996)

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 26.07.2001

**Lokalitet 55 Klubbeselva**

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	134 da
<b>Undertype</b>	Viktige bekkedrag (E06)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Bekkedrag mellom Hallandsvatnet og Lommetjønn. Eit av fleire langstrakte våtmarksområde i nordre del av Radøy. Bekk og myrar er relativt næringsfattige. Myrane er truleg relativt artsfattige, men bør undersøkjast betre. Truleg viktig leveområde og spreingskorridor for fugl og insekt. Området er i stor grad urørt om ein ser vekk frå plantefelta rundt.

**Kjelder**

Fylkesmannen i Hordaland

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 30.08.2001

**Lokalitet 56 Haukåstjørna**

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	162 da
<b>Undertype</b>	Viktige bekkedrag (E06)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Bekkedrag mellom Lommetjønn og Haukåstjørna. Eit av fleire langstrakte våtmarksområde i nordre del av Radøy. Bekkedraga fungerer som blodårer i eit landskap dominert av store plantefelt med gran. Truleg viktig leveområde og spreingskorridor for fugl og insekt. Området er i stor grad urørt om ein ser vekk frå plantefelta rundt.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 30.08.2001

**Lokalitet** 57 Mellingen

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	199 da
<b>Undertype</b>	Viktige bekkedrag (E06)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Bekkedrag mellom Såtetjønn og Lommetjønn. Eit av fleire langstrakte våtmarksområde i nordre del av Radøy. Bekkedraga fungerer som blodårer i eit landskap dominert av store plantefelt med gran. Truleg viktig leveområde og spreingskorridor for fugl og insekt. Området er i stor grad urørt om ein ser vekk frå plantefelta rundt.

**Kjelder**

Fylkesmannen i Hordaland

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	30.08.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 58 Storevatnet

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	24 da
<b>Undertype</b>	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Takrøyrbelte i strandsona i nordenden av Storevatnet på Toska. Viktig område for sporvefugl, kanskje særleg i trekktida.

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	15.08.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 59 Kjevatnet

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	15 da
<b>Undertype</b>	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Kjevatnet er ein mindre ferskvannsbiotop dominert av frodig kantvegetasjon og er nesten heilt attgrodd av kvit nøkkerose. Frodig strandrøyrbelte kring store delar av vatnet. Grensar mot berg og beitemark i nord, i aust mot eit granfelt, i sør mot beitemark/slåtteeing i attgroing. Det finst svært få slike biotopar i denne regionen, og på Radøy neppe nokon som er meir frodige enn Kjevatnet.

Lokaliteten er hekkeplass for 2-3 par krikkand, nokre få par stokkand, kanskje brunnakke og sannsynleg sivsongar. Mest sannsynleg finst det òg ein bestand av padde i vatnet.

**Kjelder**

Stein Byrkjeland (Bergen)

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	21.08.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 60 Litlevatnet

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	19 da
<b>Undertype</b>	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Strandrøyrbelte rundt vatnet, flytebladvegetasjon med tjønnaks, gul- og kvit nøkkerose. Kortskotsvegetasjon med sumpsivaks, flaskestarr og gulldusk.

**Karakteristiske artar**

Strandrøyr, tjønnaks, gul nøkkerose, kvit nøkkerose, sumpsivaks, flaskestarr

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	15.08.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 61 Tjønnebotnane

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	34 da
<b>Undertype</b>	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Tjønn med rik vegetasjon av flytebladplantar og langskotsplantar. Viktig fuglelokalitet med m.a sivsongar. Prioritert viltområde i viltrapporten for Radøy (Overvoll & Wiers 2004). Myra nord for vatnet bør undersøkast botanisk.

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal (ikkje synfart)	<b>Dato</b>	30.08.2001
----------------------	-------------------------------	-------------	------------

**Lokalitet** 62 Bøtjørna

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	30 da
<b>Undertype</b>	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Næringsrikt vatn på Bø med mykje sverdlilje og strandrøyr, flytebladvegetasjon med nøkkeroser og tjønnaks.

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	27.06.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 63 Manger

<b>Hovedtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	4,4 da
<b>Undertype</b>	Rik edellauvskog (F01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Liten bøkeskog ved fotballbana på Manger. Planta for ca. 100 år sidan. Skogen er viktig som rekreasjons-/grøntområde for tettstaden Manger. I tilknytning til prestegardhagen/alléen fungerer den som parkskog. Sjølv om skogen er planta, vil den biologiske verdien kunne auke på sikt.

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	05.07.2001
----------------------	---------------	-------------	------------

**Lokalitet** 64 Manger

<b>Hovedtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	63 da
<b>Undertype</b>	Rik edellauvskog (F01)	<b>Verdi</b>	A - svært viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Rik edellauvskog i området rundt Mangerspollen og innover langs bekkedraget mot aust. Frodig tresjikt med artar som eik, osp, lind, ask, hassel, bjørk og rogn. Busk- og feltsjikt er tett, og har ikkje vorte halde ope ved beite eller slått. Området er som ei "urørt", grøn lunge tett ved Manger sentrum. Førekost av lind gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.

**Karakteristiske artar**

Eik, osp, lind, ask, hassel, bjørk, rogn

**Kjelder**

Øvstedal & Sætre (1998)

<b>Registrert av</b>	Kjersti Isdal	<b>Dato</b>	28.08.2001
----------------------	---------------	-------------	------------



**Lokalitet 65 Ytstebø**

**Hovedtype** Skog **Areal** 33 da  
**Undertype** Rik edellauvskog (F01) **Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Hasselskog i bratt, sørvestvendt skråning som ligg vanskeleg til med tanke på utnytting. Mykje av skogen står på blokk- og rasmark med til dels store steinblokker. I tillegg til hassel er det òg ask, rogn og selje på lokaliteten. Nokre delar av skråninga er tilplanta med gran. Botsjiktet er gras- og urterikt, men ikkje nærmare inventert.

**Kjelder**

Øvstedal og Sætre (1998)

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 24.07.2001

**Lokalitet 66 Myking**

**Hovedtype** Skog **Areal** 18,6 da  
**Undertype** Rik edellauvskog (F01) **Verdi** A - svært viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Rik edellauvskog i sørvestvendt skråning ned mot Mykingsvatnet. Skogen inneheld eik, osp, selje, bjørk, rogn, hassel og innslag av lind, men er elles ikkje inventert. Forekomst av lind gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 23.08.2001

**Lokalitet 67 Gjerde**

**Hovedtype** Skog **Areal** 32,5 da  
**Undertype** Rik edellauvskog (F01) **Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Edellauvskog i sørvestvendt skråning på nordsida av vegen mellom Gjerde og Soltveit. Feltsjiktet vart tidlegare slått og beita. Fram til ca. 1960-70 vart området beita av storfe (raudkolle) og sau. Sidan den tid er det berre eit bruk (nr.14/9) som har halde fram med beite for sau (Helge Nordanger, pers.medd.). Denne delen er lysopen som ein hagemarkskog med slåtte- og beitemarksartar i feltsjiktet. Det veks ein del større, eldre edellauvtre, som eik, lønn og ask. Også mykje selje, hegg, bjørk, rogn og hassel. Mykje av dette har vakse opp etter at det vart slutt på beitinga. Eit mindre parti av skogen er tilplanta med gran.

**Karakteristiske artar**

Eik, lønn, ask, hegg, selje, bjørk, rogn

**Kjelder**

Informant: Helge Nordanger

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 26.07.2001

**Lokalitet 68 Halland**

**Hovedtype** Skog **Areal** 10,6 da  
**Undertype** Rik edellauvskog (F01) **Verdi** A - svært viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Rik edellauvskog i sørvestvendt skråning mot Hallandsvatnet. Skogen inneheld eik, osp, selje, bjørk, rogn, hassel og innslag av lind, men er ikkje nærmare inventert. Forekomst av lind gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 05.07.2001

**Lokalitet** 69 Solend

<b>Hovedtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	10,8 da
<b>Undertype</b>	Rik edellauvskog (F01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Den sørvendte lia i botnen ved søre Solend har stadvis rein eikeskog. Lenger inn mot botnen blir hassel etterkvart det dominerande treslaget. Her er det ein del store seljer og innslag av alm. Feltsjiktet er gras og urterikt og har blåknapp som dominerande art på seinsommaren. Feltsjiktet ber preg av beiting og skogbotnen har eit nettverk av stiar. Etterkvart som lia blir meir nordvendt overtar bjørk som det dominerande treslaget. Lia illustrerer godt korleis eksponeringsretninga påverkar treslagsmansetjinga (Overvoll, Stellberg & Håland 1996).

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 25.07.2001

**Lokalitet** 70 Olsvoll

<b>Hovedtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	36 da
<b>Undertype</b>	Rikare sumpskog (F06)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Sumpskog med bjørk som dominerande treslag på innmark langs elva mellom Olsvoll og Hole. Grunnen tua, med vatn ståande i forsenkningar. Gammal, høgvaksen bjørkeskog med ein god del rotnande stammar, både ståande og liggande. Mykje kjuker. Sumpskogen er truleg nokså gammal (R. Nyhamn, grunneigar/informant) og enkelte av bjørketrea har store dimensjonar. Busksjiktet er sparsamt eller manglar. Innslag av rogn, ask og vier. I feltsjiktet mosar, sneller, bregner og artar som myrhatt, mjødukt, sløke og tistel. Restar av gamle strenggjerde, tydar på at området har blitt beita tidlegare.

**Kjelder**

R. Nyhamn

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 21.08.2001

**Lokalitet** 71 Bøøysundet

<b>Hovedtype</b>	Havstrand/kyst	<b>Areal</b>	56 da
<b>Undertype</b>	Grunne straumar (G01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Grunt sund mellom Bøøyana og Lambholmen/Horsøyana.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 72 Lyktekjølleren

<b>Hovedtype</b>	Havstrand/kyst	<b>Areal</b>	26 da
<b>Undertype</b>	Grunne straumar (G01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Grunt sund mellom Vardøyana og Lykta. Skjellsandbotn.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 73 Havna på Kråkena

<b>Hovedtype</b>	Havstrand/kyst	<b>Areal</b>	34 da
<b>Undertype</b>	Grunne straumar (G01)	<b>Verdi</b>	B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Grunt sund mellom Øysteinane og Hesjetåna. Del av sjøfuglreservat.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 74 Svelingasundet

**Hovedtype** Havstrand/kyst **Areal** 8,6 da  
**Undertype** Grunne straumar (G01) **Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Grunt, smalt sund mellom Svelingane, aust for Forsøyana.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 75 Taulevågen

**Hovedtype** Havstrand/kyst **Areal** 249 da  
**Undertype** Undervasseng (G02) **Verdi** C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Den inste delen av Taulevågen er innelukka og godt skjerma. Det kjem truleg ein god del ferskvatn frå høgareliggande åsar omkring, og det forsterkar karakteren av brakkvatn i vågen. Der det er finsedimentbotn skapar dette gode tilhøve for ålegras som her er ganske vanleg. På grunn av bratte strandsoner finst det ingen større strandenger, men fleire stader finst fine utformingar av pionervegetasjon i hydrolitteralen, dominert av strandstjernesamfunn. Landskapet er variert og spennande, og saman med dei botaniske interessene blir heile den inste delen av Taulevågen vurdert som lokalt verneverdig (Lundberg 1992).

**Karakteristiske artar**

Strandstjerne *Aster tripholium*, Ålegras *Zostera marinae*

**Kjelder**

Lundberg 1992

**Registrert av** Anders Lundberg **Dato** 05.08.1985

**Lokalitet** 76 Villanger (Vågsbotn)

**Hovedtype** Havstrand/kyst **Areal** 2,4 da  
**Undertype** Strandeng og strandsump (G05) **Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Strandeng i Villangervågen. Strandnellik (fjørekoll), småsyre, jordnøtt, engsoleie. Området er ikkje grundig undersøkt.

**Karakteristiske artar**

Engsoleie, jordnøtt, småsyre, strandnellik

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 28.08.2001

**Lokalitet** 77 Kvolmo

**Hovedtype** Havstrand/kyst **Areal** 9 da  
**Undertype** Strandeng og strandsump (G05) **Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Strandeng nord på øya Kvolmo. Strandenga ligg på godt drenert skjelsand. Enga ber preg av beiting, med tydelege trakk/smale stiar. Her er artar som gåsemure, hanekam, engsoleie, raudkløver, mjødurt og kvitkløver. I kanten knappsiv, saltsiv, slåttestarr og sumpsivaks. Området får tilførsel av saltvatn ved springflo eller grov sjø. I forlenginga av engsørøver, ligg ei tjørn og ei langstrakt sumpmark. Denne vert og beita og her mange av dei same artane, og i tillegg myrhatt, vassarve og tepperot.

**Karakteristiske artar**

Gåsemure, hanekam, engsoleie, raudkløver, mjødurt, kvitkløver, knappsiv, saltsiv, slåttestarr, sumpsivaks

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 78 Kvolmo

**Hovedtype** Havstrand/kyst **Areal** 3,8 da  
**Undertype** Strandeng og strandsump (G05) **Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Strandeng nord på øya Kvolmo. Strandenga ligg på skjellsand, og ber preg av beiting. Gåsemure ligg som eit teppe i botn. Området får tilførsel av saltvatn ved springflo eller grov sjø. I forlenginga av enga nordover, ligg ei sumpmark.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 18.07.2001

**Lokalitet** 79 Trædsvågen

**Hovedtype** Havstrand/kyst **Areal** 1,9 da  
**Undertype** Tangvollar (G06) **Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

I Trædsvågen, sør på Vågenes, skal det vere ein godt utvikla tangvoll. Området ligg eksponert mot sjøen i nord. Lokaliteten er ikkje synbart.

**Kjelder**

Informant: Ragnar Vågenes

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 30.08.2001

**Lokalitet** 80 Mangerpollen

**Hovedtype** Havstrand/kyst **Areal** 23 da  
**Undertype** Brakkvasspollar (G08) **Verdi** C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Pollen har vore prega av forureining i ei årrekke, men dette har vorte betre dei siste åra. Terskelen i utløpet mot Mangersvågen vart heva i samband med byggjearbeid, slik at utskiftinga av vatn i pollen er mindre enn før. Dette er mogleg å rette opp att. Det vert sagt at sjøauren gjekk opp her før i tida. Skogområdet kring pollen er rikt, og til saman utgjør dette eit viktig område for det biologiske mangfaldet.

**Registrert av** Kjersti Isdal **Dato** 30.08.2001

**Lokalitet** 81 Buneset

**Hovedtype** Kulturlandskap **Areal**  
**Undertype** Store, gamle tre (D12) **Verdi** C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Gammal selje like nedanfor vegen mot Mangersnes. Grov bark og grov stamme til selje å vere. Ikkje nærmare undersøkt, men har tett barkflora av barkrugg.

**Registrert av** Olav Overvoll **Dato** 07.05.2003





ISBN 82-8060-036-1  
ISSN 0804-6387